



Rogaland

Protokoll frå styremøte 21.05.24

Til stades: Ingrid Haugstad Håland, Ann Karin Hammer, Åse-Berit Fidjeland, Anne Kristine Lilleskog Andersen, Rita Aase Austvoll, Astrid Skretting, Margrete Tytlandsvik og Amalie Aase Grøsfjell (RBU)

Ikkje møtte: Valborg Roaldkvam Sandal og Rogaland bondelag

Sak 01/2024 Godkjenning av innkalling og sakliste
Godkjent

Sak 02/2024 Gjennomgang av godkjent referat frå styremøte
Godkjent

Sak 03/2024 Referatsaker:

Ann Karin: E-post til alle lokallagsleiarane i sone 1 inkludert presentasjon og invitert på sonemøte i Sirdal 23.05.24

Anne Kristine: Kontakt med Imsland og Vats bygdekvinnelag

Rita: E-post med presentasjon til lokallagsleiarane i sone 3

Astrid: Teamsmøte Rogaland bondelag

E-post og samtale med lokallagsleiarane i sone 2

Margrete: E-post med presentasjon til lokallagsleiarane i sone 4, men har ikkje fått respons frå Sjernerøy og Sand

Amalie RBU: Lokalleiarsamling RBU m/20 deltakarar

Framover har Gjesdal BU sommarstemne om to veker, RBU

arrangerer landsstemne og årsmøte i sommar og det er leiarsamling for lokallaga 8. november

Studieforbundet kultur og tradisjon (SKT):

Digitalt årsmøte i SKT Rogaland 30.05.24

Sak 04/2024 Orientering om økonomien pr. dd

Sak 05/2024 Oppfølging av lokallaga med vekt på lokallagssamling

Sone 2:

Varhaug BK: - forventingar til dei ulike verva

- norsk mat

Klepp BK: - erfaringsutveksling lokallaga

- korleis bruka nye innspel i eige lokallag

Time BK: - å vera eit styre: - oppgåver

- spelereglar og lojalitet

- å få alle til å ta ansvar

Sone 3:

Fjellbygda: - meir tid til mingling

- "kurs" slik at alle i styret veit kva dei ulike verva inneber

- oppfordra til årsmøtepåminning

- Sone 4:**
- ein dag; billegare og fleire kan delta
 - ikkje "løgnasunderhaldning", men
 - noko ein kan ta attende til lokallaga
 - korleis lukkast? - kva og kvifor

Generelt:

Amalie fortalde at bygdeungdomslaget har leiartreningskurs og haustkurs, og samling med kurshaldarar før lokallagsleiarsamling der alle høyrer det same. I tillegg har dei ein kommunikasjonsstrategi, jf. bondelaget.no, med m.a. ei verktøykasse for lokallaga. Her har bygdekvinnelaget noko å læra.

Aktuelt innhald på lokallagssamlinga: Kvifor vera med i bygdekvinnelaget og styreopplæring

Sak 06/2024 Arbeidsplan/årshjul for Rogaland bygdekvinnelag 2024/2025

- Skal det heita lokallagssamling/motivasjonssamling/inspirasjonssamling?
- Lokallagssamling hausten 2023
- Ynskjer lokallaga "ei flue på veggen" på styremøta som kan støtta og/eller svara på spørsmål, slik RBU har?
- Korleis ta vare både på nye medlemmar og dei som har vore med lenge? Me må i alle fall passa på at det er litt for ein kvar smak.
- Kurssamling i kvar sone
Sonemøta bør gjennomførast i mars og styrka samarbeidet i sonene
- Kva kan vera engasjerande og kven kan følgja det opp? Leiarane ynskjer at kontaktpersonane held augne og øyrer opne for trendar, kva som skjer i NBK, Rogaland og nærmiljøet, for føredragshaldarar, viktige datoar og idear. Rett og slett å vera nysgjerrige og visa oss fram.

Vedtak a): Lokallagssamling

Vedtak f): Astrid: GMO (genmodifiserte organismar)
Margrete: Helse – kvinnehelse, folkehelse
Anne Kristine: Norsk tradisjonsmat
Rita: Kunst og kultur

Sak 07/2024 Nettstad, Facebook og kommunikasjon

- Hugs** å gå inn på Rogaland si heimeside og å lika artklar der og på alle distrikts- og lokallagssider du les!
- Skulle du finna feil på heimesida, gje beskjed til aaseberitf@gmail.com!

Sak 14/2024 Gjennomgang av (nokre) retningslinjer for styret sitt arbeid

Me gjekk gjennom og reviderte/redigerte

RETNINGSLINER FOR ROGALAND BYGDEKVINNELAG SITT ÅRSMØTE
GODTGJERSLE TIL REPRESENTANTAR I ROGALAND BYGDEKVINNELAG
RETNINGSLINER FOR TILDELING AV JUBILEUMSGÅVER TIL LOKALLAG

Vedtak:

Når det gjeld "Retningslinjer for Rogaland bygdekvinnelag sitt årsmøte" må me sjekka kva for retningslinjer som gjeld for annsnering, jf. Samvirke. "Godtgjersle til representantar i Rogaland bygdekvinnelag" må gjerast meir forståeleg, og me arrangerer ikkje leiarmøte, men satsar heller på sonesamlingar.

Sak 15/2024 Landsmøtet i Ålesund 7.-8. juni 2024

- a) Fordela oppgåver og gjennomgå saker og innhald
Tone Østtveit Kvinen frå Sirdal BK er blitt beden om å vera med på landsmøtet for å leggja fram saka vedtatt på årsmøtet. Me andre støttar, og oppfordrar Tone om å samkøyra med Buskerud, Aust-Agder, Østfold og Hordaland. Dei får to (2) minutt kvar på landsmøtet for å leggja fram sine argument før styret legg fram sitt syn og forslag til vedtak før debatt og røysting.
- b) Korleis forhalda oss på landsmøtet, jf. vedtektene til NBK.

Sak 17/2024 Evaluering av årsmøtet 2024

Utsett

Sak 19/2024 Årsmøte 2025

Skjold og Imsland bygdekvinnelag arrangerer årsmøte 21.-22. mars 2025

Sak 18/2024 Deltaking på samlingar i andre sin regi

Skjema til lokallaga med viktige datoar gjennom året vart lagt fram, men det må leggjast til litt, så me tek det opp att på neste møte.

Sak 20/2024 100-årsfeiring i lokallag i Rogaland 2025

Klepp, Nærbø, Sandnes og Time bygdekvinnelag er 100 år i 2025. Distriktsstyret ser fram til å høyra korleis dei ulike laga vil markera dette.

Hugs å invitera Noregs bygdekvinnelag til markeringa!

Nytt møte 25. juni kl. 16.30 på Austvolltunet i Gamle Austvollvei 43, Sandnes

Åse-Berit Fidjeland
skrivar/nestleiar